



Nynorsk kultursentrum

Vedtaksprotokoll konstituerande styremøte

Ivar Aasen-tunet, Ørsta, 25. februar 2016 kl. 11.15–15.30

Til stades

Lodve Solholm (leiar), Grete Riise (nestleiar), Hilde Barstad (sak 11-15 og 19-22), Brit Bildøen, Grete Riise, Jon Østbø, Stina Aasen Lødemel, Georg Arnestad (observatør sak 6-9 og 16-18), Sigrun Høgetveit Berg (observatør sak 6-9 og 16-18), Ottar Grepstad (direktør)

Forfall

Sæbjørn Forberg, Øystein A. Vangsnes (rådsordførar)

Sakliste

Konstituering

06/2016 Konstituering og val
07/2016 Innkalling og sakliste

Saker til orientering

08/2016 Referatsaker
09/2016 Aktuelle saker
10/2016 Personalsaker

Vedtaksaker

11/2016 Prosjektplan Vinje-senteret
12/2016 Profilprogram Vinje-senteret
13/2016 Samarbeidsavtale med Vest-Telemark Museum
14/2016 Søknader om offentlege tilskot 2017
15/2016 Årets nynorskbrukar 2016
16/2016 Godkjenning av vedtektsendringar
17/2016 Dei nynorske festspela: statusrapport
18/2016 Olav H. Hauge-stipendet
19/2016 Diktarhuset
20/2016 Nye nettstader
21/2016 Retningslinjer for sosiale medium
22/2016 Program styreseminar 2016

Konstituering

06/2016 Konstituering og val

Vedtak

1. Lodve Solholm blir vald til styreleiar februar 2016–februar 2018.
2. Grete Riise blir vald som nestleiar for same perioden.

07/2016 Innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste er godkjend.

Saker til orientering

08/2016 Referatsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

09/2016 Aktuelle saker

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

10/2016 Personalsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering.

Vedtaksaker

11/2016 Prosjektplan Vinje-senteret

Vedtak

1. Styret tek saksførelegg og drøfting til vitende.
2. Nynorsk kultursentrum er klar til arbeide vidare med Vinje-senteret i samsvar med den framdriftsplanen som ligg føre i prosjektplanen.

12/2016 Profilprogram Vinje-senteret

Vedtak

Styret godkjenner framlegg til profilprogram for Vinje-senteret med fargepalett og ikon.

13/2016 Samarbeidsavtale med Vest-Telemark Museum 2016–2019

Vedtak

1. Styret set stor pris på den velviljen Nynorsk kultursentrum har møtt frå Vest-Telemark Museum i arbeidet med Vinje-senteret og vonar at vidare kontakt kan formaliserast gjennom ein samarbeidsavtale som er til fordel for begge partar.
2. Styret sluttar seg til skissa til samarbeidsavtale med dei merknadene som kom fram i møtet.
3. Styret er klar til å godkjenne ein endeleg avtale på styremøtet i juni, eller om nødvendig i eige telefonmøte.

14/2016 Søknader om offentlege tilskot 2017

Vedtak

1. For 2017 prioriterer Nynorsk kultursentrum investerings- og driftsmidlar til Vinje-senteret i samsvar med kalkylar og budsjett i prosjektplanen.
2. I tillegg peikar Nynorsk kultursentrum på behovet for å finansiere vidare arbeid med Jon Fosse-arkivet og for breiare finansiering av Allkunne.
3. Styret er kjent med vedtaket i Allkunne AS om søknadssum for 2017 og har etter ei samla vurdering kome til at Vinje-senteret blir einaste prioriterte nye tiltak i 2017-søknaden.
4. Styreleiaren får fullmakt til å godkjenne den endelege budsjettsøknaden.
5. Styret drøftar på møtet i juni ein heilskapleg strategi for finansiering av vidare utvikling og vekst i konsernet.

15/2016 Årets nynorskbrukar 2016

Vedtak

1. Prisen *Årets nynorskbrukar 2016* går til omsetjaren *Martine Rørstad Sand* på Hamar for hennar eineståande innsats i arbeidet med å gjere det lettare og kjekkare å vere nynorskbrukar i dataspel og sosiale medium.
2. Prisen er på 100 000 kroner, eit grafisk trykk av Arne Nøst og eit diplom. Prisen blir delt ut under opningshøgtida for Dei nynorske festspela 23. juni 2016. Som ein del av prissummen tek prisvinnaren del i arrangementet «Prisvinnarens time» under Dei nynorske festspela 2015 og på eit anna arrangement i regi av Nynorsk kultursentrum i 2016 eller 2017.
3. Prisvinnaren og grunngivinga blir etter planen offentleggjort tysdag 1. mars.

16/2016 Godkjenning av vedtektsendringar

Vedtak

1. Styret går god for den saksframstillinga som er gitt om bakgrunn, grunngiving og gjennomføring av dei nemnde vedtektsendringane.
2. Styret bed rådet drøfte kva omgrep som kan brukast om institusjonar som har slutta seg til stiftinga Nynorsk kultursentrum etter skipingsmøtet i 1993. Før slik drøfting bed Nynorsk kultursentrum om eit grunngitt forslag frå Lotteri- og stiftelsestilsynet.

17/2016 Dei nynorske festspela 2016: statusrapport

Vedtak

1. Styret tek informasjonen om framdrift til vitende.
2. Kva profil arrangementa på Målbar skal ha, blir avgjort av direktøren.

18/2016 Olav H. Hauge-stipendet

Vedtak

Styret konkluderer i eige telefonmøte viss langsiktig finansiering kjem på plass slik at stipendet kan lysast ut i tide og delast ut under Ulvik poesifestival i september.

19/2016 Diktarhuset

Vedtak

1. Styreleiaren og direktøren tek med innspela frå styret til møte i styringsgruppa 30.3.
2. Styret bed rådet drøfte fagleg profil og funksjon for Diktarhuset på møtet 31.3.

20/2016 Nye nettstader

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

21/2016 Retningslinjer for sosiale medium

Vedtak

Styret drøftar saka på nytt på septembermøtet.

22/2016 Program styreseminar juni 2016

Vedtak

Administrasjonen arbeider vidare med programmet på grunnlag av drøftinga i møtet.

Godkjend protokoll

Protokoll frå konstituerande møte 25.2.2016 er godkjend i møte 10.6.2016.

Lodve Solholm

Grete Riise

Hilde Barstad

Brit Bildøen

Særbjørn Forberg

Jon Østbø

Stina Aasen Lødemel

Ottar Grepstad

